



Oddbjørn Kroka orienterer

Det har vore ein langdryg og hard tørn men no er vi endeleg i mål og kan starta utbyggjinga av Ospelunden. Det var Oddbjørn Kroka som uttrykte seg slik under møtet som Uskedalen Utvikling heldt om bustadprosjekt i Gamleskulen i kveld. 4 tomter er selde og 2 hus vert påbegynt om stutt tid. Kroka og Kvinnherad Bygg har halvparten kvar i Ospelunden AS som skal stå for utbyggjinga. Første steget vil omfatta 12 einebustader og 5 tomannsbustader. Dei siste blir som husa i Hagetunet. og dei vil ikkje vera selde på førehand.

Kroka opplyste at dei skal ha det siste møtet med kommunen måndag. Då bør dei siste formalitetane falle på plass før saka passerar formannskapet i neste veke.

Det andre byggjesteget som er den øvre del av feltet vil få høgdebasseng. Det vil også vera viktig å knytta saman Ospelunden med Korsnes via ein undergang som truleg vil kosta 800 000 kroner. Korsnes Vel har søkt om finansiering. Leiar Kristian Olav Bringedal i UU ville rose dei som har jobba med Ospelunden så lenge og så iherdig og tålmodig. -Eg har halde på i 2 år og brukt ein million, sa Kroka.

Ole Vidar Monsen presenterte området på Ytre Eik som er under utbyggjing. Der er det no 4 tomter til disposisjon. Prosjektet på Eikelandet som Geir Rusten arbeider med vart presentert av Bringedal slik det er etter ein viss justering. Han spådde at det vil ta tid å realisera det. Dei 8 bustadane skal husbankfinansierast.

Erlend Bjørnebole presenterte feltet i Øvre Halsabrotet. Det har oppstått visse avløpsproblem, men det er søkt om byggjestart for 3 tomter.

Også i Nedre Halsabrotet og i Skårhaug er det ledige tomter utan at utbyggjarane var til stades og presenterte dei. Også potensielle kundar glimra med sitt fråver under møtet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen